

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2022

FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Prosjektleder Tonje Folkvang

SAKA GJELD: Administrerende direktør si orientering, pkt. 1
Status risikoområde legemidler (ROMLE)

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 21/22

STYREMØTE: 29.09.2022

Status for arbeid med risikoområde legemidler (ROMLE)

Regional arbeidsgruppe har gjennomført ein innsiktfase i perioden august 2021 til juni 2022:

- Gjennomgang av 1370 Synergimeldingar på legemiddelområdet frå perioden 01.2020-11.2020 for å få oversyn over kva uheldige hendingar som blir registrerte i regionen.
- Gjennomgang av nasjonal og internasjonal forskning knytt til risikoområde legemiddel.
- Gjennomgang av pågåande initiativ i regionen – både teknologiske og organisatoriske tiltak.

Med utgangspunkt i funn frå innsiktfasen er det definert 10 tiltak fordelt på 4 innsatsområde:

Innsatsområde	Tiltak
KOMPETANSE	Utarbeide regionale kompetansekrav på utvalde risikoområde
	Utvikle læringsspel der utrekning og fortynning blir simulert
ARBEIDSPROSESSAR	Etablere regional beste praksis for utdeling av legemiddel med pasientinvolvering
	Etablere regional beste praksis for legemiddelsamstemming
	Avklare roller og ansvar i kirurgiske forløp
IKT-STØTTE	Etablere påminningsløysing for å sikre at legemiddel blir gitt til rett tid

STYRING OG LEIING	Forenkle dokumentasjon av ordinasjonar i elektronisk kurveløysing
	Etablere mengdkalkulator i elektronisk kurve som er tilgjengeleg når ein gjer i stand dose
	Sikre betre grunnlag for rapportar i Synergi til bruk i forbetningsarbeidet
	Belyse behovet for ein regional modell for styring og vidareutvikling av risikoområdet legemiddel

Tabell 1 :Oversyn over tiltak som skal følgjast opp gjennom ROMLE. Tiltaka blir publiserte i ein web-basert regional plan etter modell frå «Neste generasjon plan» 27.9.

Gjennomføring

Tiltaka vil bli følgde opp i gjennomføringsfasen av ROMLE som starta i august. Det er etablert eit koordineringsteam som skal ha den overordna styringa av denne delen av arbeidet.

Koordineringsteamet har i tillegg ansvar for oppfølging av tiltak knytt til IKT og styring/leiing, medan ansvar for oppfølging av dei andre tiltaka er fordelt på lokale arbeidsgrupper i dei fire sjukehusføretaka i Helse Vest og Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Ansvarleg	Tiltak
Koordineringsteam	Utvikle læringsspel der utrekning og fortynning blir simulert
	Etablere påminningsløysing for å sikre at legemiddel blir gitt til rett tid
	Forenkle dokumentasjon av ordinasjonar i elektronisk kurveløysing
	Etablere mengdkalkulator i elektronisk kurve som er tilgjengeleg når ein gjer i stand dose
	Belyse behovet for ein regional modell for styring og vidareutvikling av risikoområdet legemiddel
Helse Førde	Utarbeide regionale kompetansekrav på utvalde risikoområde
Helse Bergen	Sikre betre grunnlag for rapportar i Synergi til bruk i forbetningsarbeidet
Helse Bergen/ Helse Fonna	Etablere regional beste praksis for legemiddelsamstemming
Helse Stavanger/ Haraldsplass Diakonale Sykehus	Etablere regional beste praksis for utdeling av legemiddel med pasientinvolvering
	Avklare roller og ansvar i kirurgiske forløp

Tabell 2 : Oversyn over fordeling av ansvar for oppfølging av tiltak i gjennomføringsfasen

Den regionale arbeidsgruppa blir vidareført og består i hovudsak av leiarar av dei lokale arbeidsgruppene i sjukehusføretaka, koordineringsteamet og konserntillitsvalde.

Det å ha ansvar for eit tiltak inneber:

- Tiltaket skal prioriterast gjennomført for å sikra fremdrift på regionalt nivå.
- Avgjerder som blir tatt i løpet av arbeidet, og endeleg resultatmål, skal forankrast regionalt gjennom den regionale arbeidsgruppa.
- Det skal leggjast til rette for at dei andre sjukehusføretaka kan implementera arbeidet ved at nødvendige dokument for implementering/lokal tilpasning er tilgjengeliggjort på dedikert lagringsområde for ROMLE.

På sikt vil alle sjukehusføretaka implementera alle tiltak, men rekkefølga vil variera avhengig av kva tiltak ein sjølv har fått ansvar for å følgja opp.

Dei lokale arbeidsgruppene i sjukehusføretaka skal vareta tre funksjonar:

1. Gjennomføring av tiltak føretaket har hovudansvar for
2. Kome med innspel til, og sikre, forankring av ROMLE-tiltak som andre har hovudansvar for
3. Tilrettelegge og fasillitere implementering av alle ROMLE-tiltak i eige føretak.

Dei lokale arbeidsgruppene blir no rigga slik at alle desse funksjonane blir varetatt:



Figur 1: Funksjonar som må varetakast i kvart sjukehusføretak

Det blir no utarbeidd milepælsplan for kvart tiltak som vil danna grunnlag for ei overordna tidslinje for gjennomføringsfasen av ROMLE.

Koordineringsteamet er engasjert ut april 2023, og målet er at arbeidet med dei fleste tiltaka skal vera ferdigstilt innan dette. Det må reknast tid til implementering av alle tiltak, òg etter at koordineringsteamet er avvikla.

Til informasjon:

[Neste generasjon plan - Regional plan for risikoområde legemiddel \(ROMLE\)](#)